



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

Vår dato  
30.11.2017  
Dykkar dato  
20.10.2017

Vår referanse  
2014/6530 421.3  
Dykkar referanse  
13/374

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

## Uttale til avgrensa høyring - Eidfjord - Sysendalen – kommunedelplan – motsegn

Fylkesmannen i Hordaland gir med dette uttale til endringane i kommunedelplanen for Sysendalen i Eidfjord kommune.

Fylkesmannen held fast ved motsegna vår til kommunedelplanen. Etter endringane er det også grunn for å framheve nokre motsegnspunkt, jf. elles tidlegare uttaler.

Eidfjord kommune har i høyringsbrevet uttalt at endringa gjeld innlegging av gang- og sykkelveg langs rv. 7. Det er eit punkt der Statens vegvesen og Fylkesmannen har samanfallande motsegn. Gang- og sykkelveg langs riksvegen var tema i mekling om detaljreguleringsplan for Eidfjord Resort den 30.08.2017. Det blei då tatt ut av diskusjonen om reguleringsplanen. Ein var samde om i staden å vurdere det i kommunedelplanen. Det er det kommunen no har gjort.

Det er gjort endring i plankartet og i planomtalen. Kommunen har ikkje uttalt at det er endringar ut-over det. Vi kan heller ikkje sjå at det m.a. er foreslått endringar i føresegna til kommunedelplanen. Vi legg det til grunn. Dersom her er ytterlegare endringar, må vi få uttrykkeleg melding om det, slik at vi kan uttale oss til det. Vi tar atterhald om det.

Vi ser at planomtalen er utvida for omtale av villrein på Hardangervidda. Vi har også nokre merknader til det.

### Gang- og sykkelveg – plankartet.

På plankartet er gang- og sykkelvegen lagt inn med raud line, til dels samanfallande med riksvegen, og markert med raude prikkar. Den følgjer i hovudsak riksvegen med nokre avvik. Sjølve trasevalet må Statens vegvesen ta stilling til. For Fylkesmannen er det avgjerande at det er lagt inn gang- og sykkelveg langs riksvegen. Vi legg vidare til grunn at gang- og sykkelvegen må detaljerast i vidare og meir detaljert planarbeid.

### Gang- og sykkelveg - føresegner

Som nemnd går det ikkje fram at føresegna til kommunedelplanen er endra. Det er tatt inn på side 2 i føresegna at det er ei «Rev5-endringar..» den 09.10.2017 utan at vi kan sjå kva det gjeld, og utan at vi kan sjå at innhaldet er endra.

I føresegna til kommunedelplanen, både tidlegare og no, heiter det:

*2.6.3 Detaljplan for område for fritidsbusetnad, bustad og kombinert bustad/fritidsbustad, skal vurdere tiltak for å sikra mjuke trafikkantar langs offentleg veg gjennom rekkjefølgekrav.*

2.6.5 *Ved utarbeiding av nye detaljplanar og ved fortetting i eksisterande planar, skal det vurderast tiltak for å sikra mjuke trafikkantar langs Rv7, og slike tiltak skal i tilfelle innarbeidast i føresegnene om rekkefølgjekrav.*

Det er eit krav i kommunedelplanen at sikringstiltak som gang- og sykkelveg skal sikrast gjennom føresegn om rekkefølgjekrav. Det er også er ein del av motsegna frå Statens vegvesen og Fylkesmannen, at sikring av tiltaket gjennom rekkefølgjekrav skal takast inn i kommunedelplanen. Av erfaring ser vi det som eit særdeles viktig punkt.

Når kommunen no legg inn gang- og sykkelveg langs rv. 7 i kommunedelplanen, må opparbeidinga av denne sikrast gjennom rekkefølgjekrav som må gjerast juridisk bindande i planføresegn. Det må takast inn i sjølve kommunedelplanen knytt til rekkefølgjekrava i pkt. 2.6. Det er også i samsvar med motsegna vår. Vi held fast ved denne og ber om at vi får uttale oss til eit framlegg til føresegn om det.

Alternativet med å leggje inn rekkefølgjekravet i reguleringsplanen for Eidfjord Resort, jf. pkt. 2.6.3 og pkt. 2.6.5, ser vi ikkje som eit godt nok alternativ. Det høyrer inn under kommunedelplanen slik ein også la til grunn i meklinga om reguleringsplanen. Men vi har ovanfor vist til pkt. 2.6.3 og 2.6.5 for å understreke at kommunedelplanen legg til grunn at det skal vere rekkefølgjekrav til alle vegsikrings-tiltak. Vi viser også til at Eidfjord kommune har gjennomført mekling for reguleringsplanen for Eidfjord Resort.

#### Vurdering etter naturmangfaldlova – m.a. villrein

Fylkesmannen har tidlegare etterlyst ei utgreiing av naturmangfaldet og om villrein i kommunedelplanen. Vi ser det som positivt at kommunen no har tatt inn det som tema i planomtalen om naturmangfald. Men vi kan ikkje sjå at omtalen og utgreiinga er tilstrekkeleg og dekkande for temaet. Det gjeld særleg for omtalen av samla belastning. Vi er elles ikkje samde i vurderingane eller konklusjonane. Vi opprettheld derfor motsegna vår på desse punkta. Vi vil komme nærare tilbake til dette i eventuell oversending av saka til departementet.

Det heiter no øvst på side 45 i planomtalen:

*«Det er viktig at ein i detaljplan set krav til anleggsfasen og gjennomfører tiltak slik at dei ikkje fører til utslepp eller utilsikta skade på biologisk mangfald. Dette vil vere sikra gjennom byggjesøknader og søknader etter forureiningslova i samband med nye byggjetiltak i området. Her vil det bli stilt krav om miljøforsvarlege løysingar som sikrar mot uheldige miljøkonsekvensar. På den måten vil teknologiske løysingar føre til at planen samla sett ikkje gjev noko vesentleg utslag knytt til negative miljøverknader.»*

Det er viktig at dette blir følgt opp i gjennomføring. Elles har det inga verknad. Kommunen har no peikt på utfordringa, men må sikre at forholda blir tatt vare på. Det må derfor takast inn bindande juridisk føresegn som sikrar mot uheldige miljøkonsekvensar. Det er motsegn til at det ikkje er gjort.

Fylkesmannen opprettheld etter dette motsegn til kommunedelplanen:

- for at det ikkje er tatt inn rekkefølgjekrav til gang- og sykkelvegen
- til at planen er i strid med friluftsliv og naturmangfald, særleg villrein og regional plan for Hardangervidda,
- samt at planen ikkje sikrar mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Statens Vegvesen - Region Vest

Askedalen 4 6863 Leikanger

Hordaland fylkeskommune

Postboks 5020 Bergen  
7900